



Høyringsuttale til «Bevaringstrategier for Kystens kulturmiljø», Riksantikvaren.

Denne uttalen frå Fortidsminneforeingen, Hordaland, er basert på ei oppsummering frå møte om Kystens kulturmiljø i Bergen i april der og representant frå RA var til stades. Her deltok mange organisasjonar sin er ulike på svært mange måtar men som har eit felles trekk; Dei har kystkultur som tema i ei eller anna form. Men kystkulturen angår også ei rekke andre lag/organisasjonar, til dømes Kystmuseet i Florø, Lyngheisenteret i Alver, Torgdagen i Bergen, Sildabordet i Florø, Tysnes rundt, Bakkejekta, kafeen på Glesvær med fleire. I disse dagar er Kystkulturforbundet under skiping i Hordaland og vi veit lite om kva rolle forbundet vil få i miljøet etter kvart.

Nokre av deltakarane på møtet i april er faste og langsiktige mottakarar av statlege/fylkeskommunane løyingar og gjer ein jobb for storsamfunnet med å ta vare på viktige nasjonale skattar, til dømes **Stiftelsen Bryggen og Fartøyvernsenteret**. Som relativt store organisasjonar er dei avhengige av forutsigbare økonomiske rammevilkår.

Andre, som **Jensbua**, står på eigne bein og er kommersielle føretak, men rettar all sin aktivitet mot kystkultur (reparerer båtar, hus, held handverket ved like, rekrutterer og utdanner fagfolk). Desse kan også søkje om tilskotsmidlar til objekt som lokalsamfunn, stiftelsar, offentleg organ synest er støtteverdige.

Kystkultursenteret i Bergen legg stort sett tilrette for at tilsluttande «kystkulturinteresser» kan drive si verksemد i tillegg til eigne aktivitetar som profilerer kystkultur. Det er eit stort miljø av ulike kystkulturaktivitetar, lag og foreiningar som har nytte av senteret sine fasilitetar - ein slags knoppskyting. Bergen kommune og VFK er sentrale aktørar og tek eit stort ansvar her.

Forbundet Kysten representerer eigarar og brukarar av båtane og organiserer kurs og stevner rundt omkring i fylket (landet). Dei synleggjer båtar, bygningar og handverk gjennom arrangement langs kysten og er basert på friviljug innsats,

Nausteforeningen representerer dei private eigarane som forvaltar det store volumet av bygningar. Dei er mindre opptekne av tilskotsmidlar og meir opptekne av omfattande og kostbare prosessar med kommunar/ statsforvaltaren for å kunne ta bygningane i bruk på ein rekingssvarande måte. RA hadde med seg godt nytt på dette feltet i sin presentasjon på møtet.

Oselerverkstaden er opptatt av at det er ein marknad der ute, som er viljug til å betale for materialkvalitet, handverk og tradisjon for desse færingane som er krona til Norges nasjonalbåt.

Fortidsminneforeningen, den største og eldste av laga, er mest oppteken av at kulturarven knytt til unike bygningar, bygningsmiljø, og landskap, vert ivaretakne og sikra for framtida.

Bergen Nasjonale Veteranbåthavn sin rolle er å etablere eit havnemiljø for å kunne presentere landets største flåte av store veteranskip av svært ulike bruks- og funksjonsområde på ein sentral plass i Bergen.

Slik kan vi forsetje med å liste opp lag og organisasjonar og personar som representerer mindre tannhjul i eit større nav i dette store og omfattande kystkulturmiljøet.

Summen av aktivitetane til alle desse laga/organisasjonane er det som Riksantikvaren har valgt å kalle Kystens kulturmiljø. Riksantikvaren vil no dreie verkemiddelbruken i større grad mot samarbeid, utvikling og verdiskaping i dette mangfoldige kulturmiljøet. Det er både ei utfordring og ein moglegheit for oss. Men det er også svært krevjande og uheldig dersom løyingar til tiltak over tid vert svekka. Vår utfordring med denne strategien vert å organisere ulike former for samarbeid på tvers av organisasjonar, slik at vi makter å posisjonere oss for ein ny policy med nye verkemiddel, gitt at bevaringsstrategien vert realisert omlag slik som høyringsnotatet synleggjer. Det vil vere ei ressurskrevjande oppgåve oppå det vi driv på med i dag. Det er nokre aspekt ved denne saka som må

avklarast. Både RA og VFK antyda større friviljugheit og mindre pengar på dette feltet som inneber at ein større del av ansvaret skal kvile på det frivillede dersom forslaget vert realisert.

1. Det er mange overlapp i aktivitetar og dermed naturleg å samarbeide om arrangement/tiltak. Det dreiar seg for alle laga om ta ansvar på tvers for historie, kultur og verdiar knytt til kysten og dei utfordringar vi står framfor i dag. Det kan difor vere naturleg at løvvande offentlege organ vil sjå løvningar av midlar til enkeltobjekt i relasjon til kva som gagnar heile kystkulturmiljøet. Men det offentlege bør ikkje trekke ned den samla ressursbruken. Kystkulturfeltet har lidd over mange tiår og det må heller takast eit større krafttak på feltet.
2. Det vil bli svært ressurskrevjande å koordinere samarbeid og prosjekt på tvers av ulike organisasjonar. Offentleg støtte bør ikkje trappast ned, men kan gjerne ta nye former på visse felt.
3. Kva blir det offentlege sin rolle og kva kompetanse skal utvikles når ansvaret i større grad vert overført til aktørane?
4. Vi er samde med RA sitt motto; Meir verdiskaping og inntekter knytt til kulturobjekta /bygga under mottoet "Vern gjennom bruk". Dei må innatt i næringskretsløpet og bli ein del av verdiskapinga i landet vårt. Vår erfaring er at restaurering/bruksendring av bygningar, etablering av kaiar/adkomst er svært krevjande å få realisert. Dei fleste av desse objekta/ tiltak ligg i strandsona (100 m biletet) og er følgeleg svært krevjande å dra i gang. Årsakene kan være dårlige kommuneplaner, svak kompetanse i kommunen, stramt regelverk (tilpassa kyststripa langs Oslofjorden) og detaljorientert forvaltning.
5. Foreininga er opptatt av det stramme regelverket, det stive byråkratiet hos Statsforvaltaren (og delvis hos kommunane), dei langvarige prosessane, kommunane sin dårlige plankvalitet, dispensasjonane som blir avslegne fordi kommuneplanen ikkje held mål, detaljorienteringa osv. Det tek årevis å få ei sak i gjennom, dette er advokatmat og det vert kostbare prosessar for å realisere slike prosjekt. Vestlandet har framleis ein rik kystkultur og regelverk/P&B på dette området verkar å vere etablert for å beskytte strandline i andre deler av landet.
6. Vi oppfattar at folk flest, naboar og tilreisande, politikarane og kulturverninteresserte er svært tilfredse når ein bygning er restaurert og ferdig istandsett men arbeidet vert kostbart i tid og andre ressursar. Kystbygdene er stolte over sin kultur og vil gjerne hegne om den, men prosessane kan vere overkant omstendelege når det gjeld ivaretakelse av bygningar og infrastruktur innafor kystkulturen.
7. Vi set stor pris på at RA vil gå offensivt inn i problematikken mht forenkling av alle prosessar og der **sjølve kulturverdiane i desse** sakene må verte medrekna når avvegingar skal takast i kommunane. Vårt motto er som RA : Vern gjennom bruk. Idear og marknad må bestemme bruken, gitt den elles er lovleg etter anna regelverk. Bygningane må kunne ha ei drift som kan forsvare nødvendige kostbare oppgraderinger.
8. Det er mykje snakk om faren for naturtap ved anlegging av hytter/hus. Difor er det openbart at bruksendringar av allereie eksisterande bygningar, er den mest berekraftige løysinga. Når bygningar, veger, kaier og annan infrastruktur er på plass allereie vert det ikkje innhogg i nye areal. I tillegg restaurerer ein bygningar av kulturhistorisk verdi som gagnar alle parter, også storsamfunnet.
Vi erfarer at turistar frå inn og utland set stor pris på slike fasilitetar. Dei vil gjerne oppsøke den kulturen som pregar kyststripa vår. I Vestland fylke har vi ein rik kystkultur, også innover i fjordane.

Vår foreining inngår gjerne eit samarbeid med RA for å utvikle Kystens kulturmiljø.

Med helsing
Fortidsminneforeningen Hordaland avdeling